

Fra: Sigrun Wølstad <Sigrun.Wolstad@hfk.no>
Sendt: 7. august 2018 14:27
Til: fr@harris.no
Kopi: Jostein Aksdal; David J Aasen Sandved; postmottak@lindås.kommune.no
Emne: Varsel om arkeologisk synfaring og enkel registrering
Vedlegg: Fwd: Innmelding av fortidsminne-funn

Hei,
Hordaland fylkeskommune har fått melding om eit mogleg automatisk freda kulturminne som ikkje tidligare er registrert på gnr. 99 bnr. 4 i Lindås kommune.

For å avklara om meldinga gjeld eit kulturminne som er automatisk freda, jf. kulturminnelova § 4. er det naudsynt å gjennomføra ei synfaring samt ei enkel registrering på staden, jf. § 11a. Jamfør forskrift om fagleg ansvarsfordeling mv. etter kulturminneloven § 1 punkt 2 er det fylkeskommunen som er rette mynde til å søke etter og registrere kulturminne.

Me ønsker å gjennomføre synfaringa 08.08.18, klokken 09.00.

Venleg helsing

Sigrun Wølstad

Arkeolog-Spesialrådgjevar
Kultur- og idrettsavdelinga | Fylkeskonservatoren



Tlf: 96944535
www.hordaland.no

Fra: Henry Fanebust <herfaneb@online.no>
Sendt: 7. august 2018 10:26
Til: Sigrun Wølstad
Emne: Fwd: Innmelding av fortidsminne-funn
Vedlegg: Navnløs Blestring.doc; IMG_20180704_212125.jpg;
IMG_20180724_171728.jpg; IMG_20180724_195655.jpg

----- Videresendt melding -----

Emne: Innmelding av fortidsminne-funn
Dato: Tue, 24 Jul 2018 21:12:30 +0200
Fra: Henry Fanebust <<mailto:herfaneb@online.no>> <herfaneb@online.no>
Til: post@um.uib.no <<mailto:post@um.uib.no>>
CC: post@fms.uib.no <<mailto:post@fms.uib.no>>, postmottak@lindas.kommune.no
<<mailto:postmottak@lindas.kommune.no>>

Hei

Ein ber om at e-posten vert vidaresendt til riktig adressat.

Mvh Elin H. Fanebust







Elin H. Fanebust
Lindåsvegen 2088
5955 LINDÅS

Våge, 24.07.2018

Hordaland Fylkeskommune
Fylkeskonservatoren,
avdeling for arkeologi og kulturminne

kopi: Lindås kommune, ansvarshavande for kulturminne/kulturvern

INNMELDING AV FUNN - gbnr 99/1 Våge i Lindås kommune

Vil melde frå om funn gjort på gnr.99 bnr.1 Våge i Lindås kommune. Den aktuelle grunnen til at ein akkurat no melder frå, er at det pr dato forelegg konkrete planer om omfattande endring av kulturlandskapet der funna er gjort, i form av anleggsarbeid som graving og bortskyting.

Gjenstand 1: Slagg etter blestring, sjå foto. Har på same staden gjort fleire funn av same kategori, dessutan div. ulike restar av jern.

Funnstad: I hovudtunet på gnr. 99 bnr. 1. **Høgd over havet:** ca 41 m.

Området der funnet er gjort er på eit høgdedrag i landskapet som består av grunt jorddekke og mykje berg. Det finst fleire naturlege opppkomer av vatn i området, den næraste mindre enn 10 meter frå funnstaden.

På same høgdedrag med berg, ca 100 meter lenger sør, er det også gjort følgjande funn:

Gjenstand 2: Ei uthola grop i eit av dei høgastliggjande, glatte berga, sjå foto. Gropa har diameter ca 7,5 cm og ei djupne på ca 10 cm. **Høgd over havet:** ca 45 m. Dette kan godt muleg vere ei offergrop, såkalla skålgrop, og bør undersøkjast. Via skriftlege kjelder finn ein at slike groper samanfall i tid med blestrings-aktivitet, noko som gjer begge funna ekstra interessante. Gropa på Våge kom til syne for eitpar år sidan i samband med vekkgraving av jord i hensikt å skyte vekk eit større område med berg.

Funnstad: ca 100 meter sør for blestringsfunn. Dette funnet ligg på bruk nr. 4 på Våge, ca 10 m utanfor dagens grense til bruk nr 1. Sidan vi kjenner til at det forelegg nær forestående planer om å sprengje vekk området, inkludert denne hola som ser ut som ei skålgrop/offergrøp i landskapet, er vi uroa over at viktige funn med dette kan gå tapt utan å bli registrert eller undersøkt.

Gjenstand 3: På bruk nr.1 er også funne ei steingryte, sjå foto. Funnstaden her er kloss i hovudhuset på bruk nr. 1.

Ta gjerne kontakt, eg bidreg svært gjerne dersom det er bruk for fleire opplysningar.

Med vennleg helsing
Elin H. Fanebust
(elektronisk brev, difor utan underskrift)

mob. 97714283
e-post: herfaneb@online.no

